



Sigmund Myklebust har gjort ein stor innsats med restaurering og kan kanskje ynskje dei første turistane velkommen til gards om tre-fire år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sigmund Myklebust (33) eig no bruksnummer ein på Fjellandsbø. Han voner at han og familien om nokre år kan starta ei eller anna form for turistverksemd, til dømes utleige av rom i nyrestaurerte hus eller servering av grupper. Sigmund er allereie eit godt stykke på veg med den utvendige restaureringa av garden.

No bur det ingen fast på nokon av dei to Fjellandsbø-gardane. På bruksnummer ein budde Sigmund si bestemor Magnhild Myklebust til for rundt fem år sidan. Då flytta ho til Rosendalstunet, der ho døydde tidlegare i år.

Jobbar i Eidfjord

Sigmund bur nokre gode steinkast unna nedover i dalen, i eit hus som han bygde i 1999. Han driv som entreprenør og maskinkøyrar og har firmaet Sverre Myklebust Maskinstasjon AS saman med faren Sverre (63). Han kjem frå Fjellandsbø. Akkurat no er arbeidsplassen til Sigmund i Eidfjord.

- Eg har nok å pusle med viss eg ikkje også skal drive med turisme, seier Sveinung og då siktar han ikkje berre til jobben. Han og kona Ingunn Ersland Myklebust (frå Sandvoll) har nyleg fått tvillingar og ungeflokken er med det oppe i fire.

Bruksnummer ein har 40-50 mål innmark, som stort sett er overflatedyrka. Utmarka er atskillig meir imponerende: Den omfattar rundt 10.000 mål og bruksnummer ein eig den saman med bruksnummer to. Utmarksgrensa startar oppe i Nåso og går over Gråfjell på austsida til ho endar mot Myklebust i Omvikdalen. Fjellandsbøvatnet er ein del av utmarka, men vatnet er det elveigarlaget som disponerer. Med visse mellomrom blir det kalka, men aurefangstane har ikkje vore særleg imponerende i den seinare tid.

Gammal furu blir fin panel

Skogen i utmarka er furu og bjørk. Sigmund har planta noko furu dei seinare år og hogge litt bjørk for sal. Det er vegen han har bygd saman med faren opp til Leiteshaugane som har gjort det mogleg å hogga. Fleire av dei gamle furukruggane er imponerende, med ein diameter på bortimot ein meter og ein mogleg alder på 400 år. Dei eignar seg fint til panel når gamle hus skal restaurerast. Sigmund har nytta furuplanken både til den no fullførte restaureringa av stova og til ny kledning på låa. Der er verket enno ikke heilt fullført.

Innvendig i stova har det til no berre vore riving, men planen er å få fullført denne delen av prosjektet om tre-fire år.

- Dette blir med andre ord neppe noen leveveg for oss med det aller første, seier Sigmund.

Naturen rundt Fjellandsbø er storslått og imponerende. Nåso-veggane er tett innpå og viss ein går skogsbilvegen litt lenger opp enn til Leiteshaugane, er det ein fantastisk panoramautsikt rett ned i Matresfjorden.

Det ligg også godt til rette med vegadkomst til Fjellandsbø. Før var det offentleg veg berre fram til Friheim, men den siste biten inn til Fjellandsbø vart overteke av kommunen på slutten av 1970-talet. Sverre Myklebust har, som vegvoktar for dei kommunale veger i Uskedalen, teke seg godt også av denne vegen. Det er uproblematisk å trafikera den med buss heil fram til brua innunder Fjellandsbø-gardane.

Av Ola Matti Mathisen